

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep.  
0032 OSLO

Dok. nummer 23/13548-3

Deres referanse:

Vår dato: 22.09.2023

Vår referanse: Gro Smedsrud

## Svar på høyring - forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning

Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet (KD) med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning, datert 30. juni 2023 med høyringsfrist 22.09.2023.

### Til § 2-2 andre ledd nr 3

USN meiner at ordlyden i § 2-2- andre ledd nr 3 skal bli ståande uendra, og vil i det følgjande grunngi argumenta for det. Dersom den foreslåtte endringa blir vedtatt meiner USN at den ikkje kan ta til å gjelda før i 2025.

USN meiner det er uventa at eit etablert studietilbod akkreditert på nivå 6 med 60 studiepoeng, blir foreslått endra til eit kvalifiserande kurs som berre skal dekke språkkravet i norsk. Årsstudium i norsk språk og samfunnskunnskap (60 studiepoeng) ved USN er og eit grunnstudium/fagstudium i språk og kultur for internasjonale studentar (NUS), og er eit fulltidsstudium både kunnskaps- og ferdigheitsmessig med tanke på innhald, undervisningstimal, arbeidskrav og eksamen. Det er ikkje forventa at søkarar til studiet har forkunnskapar i norsk ved studiestart, men progresjonen er rask slik ein må forvente av studium i høgare utdanning. Læringsutbyttet i norsk språk er på B2/C1-nivå.

USN er ikkje einig når KD plasserer NUS som et kvalifiserande språkkurs med formål å berre skulle dekke språkkravet i norsk. NUS er eit studium på universitetsnivå og ein del av høgare utdanning. Dersom språkopplæringa seinare blir gitt som kurs vil denne viktige kvalifikasjonen kunne gå tapt.

USN meiner forslaget til endring vil ha ein negativ samfunnsmessig konsekvens. Dersom NUS mister klassifiseringa som høgare utdanning nivå 6, er det ikkje openbart at USN og andre i UH-sektoren vil komme til å tilby kurs i norsk språk for utanlandske søkarar/studentar, jf. forslag til **ny** § 2-2 andre ledd nr 3. Ein etablert utdanningsveg for utanlandske søkarar vil falle bort. Vi meiner dette vil være negativt for rekruttering av utanlandske søkarar generelt. KD skriv i høyringsbrevet «Flyktningar bør primært få sin språkopplæring i regi av kommunane sine introduksjonsprogram, som er tilrettelagde for denne gruppa». Vi peiker på at søkarar til NUS er ei mangfaldig gruppe menneske, ikkje berre for flyktningar.

Årsstudium i norsk språk og samfunnskunnskap gir eit godt grunnlag for vidare studium. I åra frå 2017 til 2022 fullførte 103 studentar årsstudium NUS ved USN. Om lag 1/3 av desse (33 studentar) fortsette som studentar på andre studieprogram, - i tillegg er det eit ukjend tal studentar som har fortsett på høgare utdanning ved andre UH. På bakgrunn av talmaterialet har vi ein oppfatning av at mange av dei som har dekt språkkravet via NUS søker høgare utdanning.

USN forventar at studiet NUS vil bli mindre attraktivt for søkarane dersom det ikkje lenger skal vere eit tilbod på høgare nivå. For søkarane inneber endringa at NUS, som vi kjenner det i dag, ikkje lenger kan inngå i bygging av grad. Ein anna konsekvens for søkarane er at dei tapar 2 tilleggs-poeng (rettstap) i samband med rangering for opptak til høgare utdanning, jf. Opptaksforskrifta § 7-11 om tilleggs-poeng.

USN undrar seg over eksempla i andre ledd i særmerknaden til § 11-3. Her står det skrive at forkurs for ingeniørutdanning og NUS er eksempel på kvalifiserande utdanningar utan studiepoeng. Vi reagerer på at desse to utdanningane blir nemnd side om side når dei i dag er heilt forskjellige. Forkurs til ingeniørutdanning er eit kurs utan studiepoeng som kvalifiserer for opptak til ingeniørutdanning for søkarar utan generell studiekompetanse. Annleis er det for NUS, som USN med heimel i UH loven § 3-1 (3) har sjølvakkreditert som høgare utdanning der opptakskravet er generell studiekompetanse, berre med unntak av språkkravet i norsk. NUS er eit studium på et høgare nivå enn forkurs, og å vurdere desse to på same nivå er urimeleg.

HK-dir skriv i høyringsnotatet at endringa vil få verknad frå kommande år dersom eit anna studieår ikkje er nemnd. Om forslaget om å ta bort studiepoenga blir vedteke, meiner USN det er naudsynt å få tid til å retta seg etter endringa som vil få innverknad for dei utanlandske søkarane, fagmiljøa og budsjett/økonomi. USN foreslår at ei endring tidlegast kan til å gjelda frå 2025/26.

#### **Til § 2-2 sjuande ledd**

USN er samd i forslaget om at GSU-lista skal vera bindande ved opptak til høgare utdanning og plasserast som vedlegg til forskrifta.

#### **Til § 2-2 andre ledd bokstav b.**

USN er samd i forslaget om at språkkravet i engelsk for utanlandske søkarar blir tatt inn i forskrifta, ny bokstav b. Vi er og samde i at språkkravet i norsk blir tatt inn i GSU-lista.

USN meiner det er viktig at innhaldet i opptaksforskrifta er godt organisert, særleg av omsyn til søkarane som er unge med lite erfaring med forskriftstekstar. At språkkrava i norsk og engelsk no blir samla i punkt a og b i forskrifta, og tilsvarende side ved side i GSU-lista, er to gode betringar.

#### **Til kapittel 4**

USN har ingen merknader til forslaget om spesielle opptakskrav til studieprogramma ved dei nemnde universiteta og høgskulane.

#### **Til § 7-1 nytt 6. ledd**

USN er samd i forslaget om at ordninga med tidleg tilsegn om opptak blir skrive inn i forskrifta. Det er etablert praksis i sektoren at poenggrensene frå tidleg tilsegn om opptak skal vera bindande også for hovudopptaket. USN ønsker at prinsippet blir ført vidare og teke inn i kommentarene til forskrifta.

#### **Til § 7-3 første og andre ledd**

USN er samd i forslaget om at KD framleis skal kunna fastsetja spesielle kvotar. Vi er og samde i at KD i særskilde tilfelle skal kunna gjera unntak frå den normale kvotefordelinga.

### **Til § 7-5 andre ledd og ny § 7-6**

USN meiner omrekningstabellane er viktige og gir honnør til Samordna opptak for arbeidet. Vi er samde i forslaget om ei ny føresegn i § 7-6.

Helsing

#### **Petter Aasen**

Rektor

[Click here to enter text.](#)

#### **Gro Smedsrud**

Seniorrådgiver

Seksjon for opptak

*Dokumentet er godkjent elektronisk, og har av den grunn ikkje handskriven signatur.*

Liste over kopimottakere:

Vibeke Bredahl v/ Avdeling for utdanning og studiekvalitet

Ingvild Marheim Larsen v/ Avdeling for utdanning og studiekvalitet

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse